

MØTEBOK – TITTELARK

FELLESRÅDSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
08.06,2017

Tilstades på møtet:

Medlemmer: Helge Dyrkolbotn, Anny Bertelsen, Bjørn Helge Olsen, Britt Ystebø, Sylvelinn Fønnes, Svein-Tomas Villanger, Arne Lerøy og Per Børge Hillestad.

Varamedlemmer: Inger Synnevåg

Kommunal representant:
Anne Dale Austrheim.

Andre:

Kyrkjeverje Leif Arne Økland

Desse hadde meldt forfall: Jusu Gyflan, Anita Bakke, Kine Lerøy

Desse møtte ikkje:

Saker til førehaving:

Fellesrådssaker: F- 12/17 – F – 17/17

Til møtet var medlemmer og varamedlemmer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

F – 12/17 GODKJENNING AV SAKSLISTE OG INNKALLING

Vedtak:

Sakslista vart godkjent utan merknader.

F– 13/17 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ 05.04.2017

Vedtak:

Møteboka frå 05.04. vart godkjent utan merknader

F – 14/17 FRAMLEGG TIL UNDERSKRIFT AV DAGENS MØTEBOK:

Vedtak:

Inger Synnevåg og Svein-Tomas Villanger.

F – 15/17 ORIENTERINGSSAKER

- Status oppgradering av toalettanlegg og vaskerom
- Status for brannvarslaranlegg i kyrkja.

F – 16/17 ENDRING AV TRUSOPPLÆRINGSRESSURSEN

Franlegg til vedtak:

- *Austrheim sokneråd godkjenner avrunding av samarbeidet med Radøy og Fedje om den felles trusopplæringsstillinga, med verknad frå og med 1.august 2017.*
- *Austrheim sokneråd godkjenner samstundes oppretting av ei ny samarbeidseining for trusopplæringa mellom Fedje og Austrheim med verknad frå 1.august 2017. Samla tilskot for Austrheim og Fedje utgjer 40,15% av den tidlegare trusopplæringsressursen, som for tida utgjer kr 231.189,-*
- *Tidlegare eigendelar til trusopplæringsstillinga vert søkt vidareført i budsjetta for Austrheim og Fedje sokneråd. Eigendelane kan i påvente av tilsetjing som kyrkjelydsprest vert sett av på bunden konto, som kapitalgrunnlag for den nye stillinga.*
- *Austrheim sokneråd og Fedje sokneråd inngår eit samarbeid om snarast å oppretta ei 100 % stilling som kyrkjelydsprest med hovudvekt på trusopplæringsarbeidet og arbeid blant barn og unge. Grunnlaget for stillinga er ein kombinasjon av trusopplæringsmidlar, gjevarteneste og ein kommunal eigendel tilsvarande det som før har blitt brukt for drift av eksisterande trusopplæringsstilling.*
- *Det vert lagt til rette for midlertidig tilsetjing som trusopplærar i ein ressurs tilsvarande det ein får i trusopplæringsmidlar, i påvente av at ein kyrkjelydsprest vert tilsett.*

Vedtak:

- *Austrheim sokneråd godkjenner avrunding av samarbeidet med Radøy og Fedje om den felles trusopplæringsstillinga, med verknad frå og med 1.august 2017.*
- *Austrheim sokneråd godkjenner samstundes oppretting av ei ny samarbeidseining for trusopplæringa mellom Fedje og Austrheim med verknad frå 1.august 2017. Samla tilskot for Austrheim og Fedje utgjer 40,15% av den tidlegare trusopplæringsressursen, som for tida utgjer kr 231.189,-*
- *Tidlegare eigendelar til trusopplæringsstillinga vert søkt vidareført i budsjetta for Austrheim og Fedje sokneråd. Eigendelane kan i påvente av tilsetjing som kyrkjelydsprest vert sett av på bunden konto, som kapitalgrunnlag for den nye stillinga.*
- *Austrheim sokneråd og Fedje sokneråd inngår eit samarbeid om snarast å oppretta ei 100 % stilling som kyrkjelydsprest med hovudvekt på trusopplæringsarbeidet og arbeid blant barn og unge. Grunnlaget for stillinga er ein kombinasjon av trusopplæringsmidlar, gjevarteneste og ein kommunal eigendel tilsvarande det som før har blitt brukt for drift av eksisterande trusopplæringsstilling.*
- *Det vert lagt til rette for midlertidig tilsetjing som trusopplærar i ein ressurs tilsvarande det ein får i trusopplæringsmidlar, i påvente av at ein kyrkjelydsprest vert tilsett.*

Bakgrunnen for at denne saka no kjem opp er at Wilco Vogelaar - som har ein 30% trusopplæringsressurs i Austrheim som ein del av den felles samarbeidsstillinga mellom Radøy, Austrheim og Fedje – no ønskjer å jobba utelukkande i Radøy sokn.

Kyrkjevevryene i alle dei respektive fellestråda, har innfunne seg med at han ønskjer dette og vil leggja til rette for at han kan få innfridd dette. Det betyr at kvart sokneråd må fatta eit vedtak om at ein opphevar den eksisterande samarbeidsavtalen mellom dei tre sokna. Fordelinga av stillingsressursen i trusopplæringa er at Radøy skal ha 60%, Austrheim skal ha 30 % og Fedje 10% av denne stillingsressursen.

Sokneråda i Austrheim og Fedje har i 2016 betalt ein eigendel til trusopplæringsstillinga på 47 000 og 23 000 kroner kvar for seg. Når samarbeidsrelasjonen mellom dei tre fellestråda no kjem til å bli oppløyst, vil Austrheim og Fedje sitja igjen med 40,15% av tilskotet til trusopplæring, noko som for tida utgjer kr 231.189,-. Om ein legg til dei eksisterande eigendelane frå Austrheim og Fedje sokn, vil ein ha disponibelt til ny trusopplæringsressurs for begge sokna på litt i overkant av 300.000 kroner.

Alle tre kyrkjeverjene har hatt møte med bispedømekontoret om den foreståande oppsplittinga. Det er dei som har gitt oss talla på nivået på tilskotet.

Soknerådet har engasjert seg i dette med gjevartenesta og bestemt seg for at ein ønskjer å samla inn midlar til ein kyrkjelydsprest. Her har ein også tenkt at det vil vera naturleg å samarbeida med Fedje sokn. Om ein legg til grunn trusopplæringsmidlar, eigendelar og kva ein veit ein får inn i innsamla midlar i gjevarteneste (frå Austrheim) – er ein allereie komen opp i over 400.000 kroner.

Samarbeid Austrheim og Fedje.

AU for Austrheim og Fedje var samla 18.05.2017 for å drøfta innretninga på trusopplæringa i Austrheim og Fedje. AU for Austrheim og Fedje ønskjer at det skal tilsetjast felles kyrkjelydsprest, i kombinasjon med gjevarteneste og at det vert oppretta eit samarbeid mellom sokneråda i Austrheim og Fedje om dette. Fedje sokn er klar for å dra i gang ei gjevarteneste.

I den felles samtalen har ein skissert ei mogeleg fordeling av ressursen på 75% til Austrheim og 25% til Fedje. Det er ei føresetnad at ny kyrkjelydsprest bør vera busett på Austrheim.

Det er i utgangspunktet eit ønskje at kyrkjelydsprest har bispedømekontoret som arbeidsgjevar. Det må undersøkjast om bispedømet tek pensjonsutgiftene.

Kapitalbehovet ved ei 100% stilling inklusiv arbeidsgjevaravgift, pensjonsutgifter og feriepengar bør liggja på omlag 750.000 kroner.

Pr dags dato har vi dette inntektsgrunnlaget:

- | | |
|-------------------------------------|-------------------|
| • Trusopplæringsmidlar Austrheim | kr 188.659 |
| • Trusopplæringsmidlar Fedje | kr 42.530 |
| • Eigendel Fedje | kr 23.000 |
| • Eigendel Austrheim | kr 47.000 |
| • Eksisterande gjevarteneste Austrh | kr 100.000 |
|
 | |
| • Tilsaman | kr 401.189 |
|
 | |
| • Stipulert gjevarteneste Fedje | kr 140.000 |
|
 | |
| • Tilsaman | kr 541.189 |

Om Austrheim skal ta 75% av kostnadane ved ei felles prestestilling vil dette utgjera **kr 562.500** i året.

Om Fedje skal ta 25% av kostnadane ved ei prestestilling vil dette utgjera **kr 187.500** i året. (Fedje sokn vil med sitt bidrag ifølgje oppsettet ovanfor allereie vera i mål med kr 205.530 i året).

Austrheim sokn sitt bidrag:

- Årleg kapitalbehov 75% kr 562.500
- Trusopplæringstilskotet kr 188.659
- Kommunal dekning kr 47.000
- Dagens gjevarteneste kr 100.000
- **Udekka sum** **kr 226.841**

Fedje sokn sitt bidrag:

- Årleg kapitalbehov 25% kr 187.500
- Trusopplæringstilskotet kr 42.530
- Kommunal dekning kr 23.000
- Stipulert gjevarteneste kr 140.000
- **Overdekka sum** - **kr 18.030**

Tilbakemelding frå bispedømekontoret.

Solfrid Rong ved bispedømekontoret stadfester i telefonsamtale med sakshandsamar den 19.05 at det er ingenting i vegen for å bruka trusopplæringsmidlar til ei prestestilling, slik som skissert i dei planane vi har for bruken av desse midlane.

Solfrid Rong opplyser vidare at trusopplæringsmidlar er ferskvare og må brukast for at dei skal bli utbetalt. Det er ikkje mogeleg å bruka trusopplæringsmidlar i form av avsetjing til fond. Om ein eitt skulle ha midlar igjen som ein ikkje har fått brukt, er det maksimalt 5 % som kan overførast til året etterpå.

Drøfting:

Det er vår vurdering at soknerådet ikkje har noko val når det gjeld oppløysing av samarbeidsavtalen i forhold til trusopplæringsstillinga. Det har lite for seg å trumfa gjennom ei oppretthalding av ei heil stilling i tre sokn, når den som har stillinga berre ønskjer å jobba i eitt av sokna.

Uavhengig av om ein lyser ut etter trusopplærar eller prest, så er det i alle si interesse at ein legg til rette for eit samarbeid mellom Austrheim og Fedje sokn. Dei felles drøftingane vi har hatt så langt, har gjort det tydeleg at ein ønskjer å arbeida for å tilsetja ein kyrkjelydsprest, så snart dette let seg gjera.

I påvente av at ein kyrkjelydsprest vert tilsett, på bakgrunn av trusopplæringsmidlar og innsamla midlar, bør det engasjerast trusopplærar som vert dekkja inn av dei midlane ein får til trusopplæring. Eit slikt engasjement vil vera midlertidig. Det bør leggjast til rette for at tilgjengelege trusopplæringsmidlar vert brukt fortløpande, fordi det er behov for å byggja ut

tiltaka som er lagt opp til i trusopplæringsplanen og fordi midlane berre kan brukast fortløpande på bakgrunn av faktisk gjennomførte tiltak.

F – 17/17 FRÅTREKK AV GEBYR PÅ EKSTERNE OFFER OG LIKNANDE

Framlegg til vedtak:

Austrheim sokneråd vedtar nye rutinar for utbetaling av offer, innsamla midlar og billettinntekter. Med verknad frå 08.06.2017 skal utbetaling til eksterne partar skje i form av nettobetaling, der gebyr og andre utgifter vert trekt frå før betaling.

Vedtak:

Austrheim sokneråd vedtar nye rutinar for utbetaling av offer, innsamla midlar og billettinntekter. Med verknad frå 08.06.2017 skal utbetaling til eksterne partar skje i form av nettobetaling, der gebyr og andre utgifter vert trekt frå før betaling.

Kyrkjeverja og økonomikontoret har fullmakt til å finna ei praktisk ordning på dette, som også er akseptabelt for revisjonen.

Gebyr på offer, enten det er tale om kontantbehandling, Vipps eller Izettle (kortterminal), er blitt ei aktuell problemstilling både i Austrheim og i landet elles. Slik vi til no har praktisert vidarebetaling av offer (som ikkje går til eiga verksemd), så har vi betalt den same summen som vi har fått inn. Det betyr i praksis at Austrheim sokn sponsar gebyra på offerpengane og fører til at det ikkje vert samsvar mellom det som kjem inn og det vi faktisk set igjen med etter at gebyra og offergåvene har blitt trekte.

Kontantar:

Offer i form av kontantar vert handtert av Nokas. Dei har ein nattsafe ved minibanken på Mastrevik Torg. Denne benyttar soknet seg av etter kvar gudsteneste og elles ved innbetalingar til fasteaksjonen eller innsamla kontantar på sangkveldar, konsertar og liknande.

I budsjettet har vi ein konto for innsamla midlar til eige bruk/kyrkjelydsarbeidet og ein konto for vidarebetaling til eksterne.

Nokas har følgjande gebyrordning:

- Poseavgift. Kr 30 for kvar forseгла offerpose. (ikkje gebyr på seddelbehandling utover poseavgift som er lik enten ein leverer sedlar eller myntar).
- Postkvitteing. Kr 10 for kvar kvitteing dei sender ut.
- Myntbehandling: 10% av alle kontantar

Til dømes kom det inn kr 9.470 i myntar under sist fasteaksjon. Det betyr at Nokas tok eit gebyr på kr 947,- berre for myntbehandlinga av gåva til fasteaksjonen. I tillegg kjem poseavgiftene og postkvitteingane. Alle gebyra Nokas tar, trekkjer dei direkte 1 gong i månaden frå konto til Austrheim sokn. Økonomikontoret har gitt uttrykk for at den fortløpande rapporteringa må bli betre. Vi er blitt samde om at kyrkjekontoret

sender rapport 1 gong i månaden på kontanttransaksjonar (Nokas), samt gebyra på Izettle og Vipps.

Eg har undersøkt kva som er praksis i andre sokn. Dei fleste tilbakemeldingane går ut på at ein trekkjer gebyr og avgifter ifrå før ein betalar ut til eksterne mottakarar.

Izettle:

Det er gebyr på opp til 2,75% på innkomne midlar på kortterminal. Gebyret varierer noko og vert trekt før pengane kjem inn på konto.

Vipps:

Soknet har nyleg fått på plass ordning med Vipps. Her vert det trekt eit gebyr på opp til 2,5% av midlar som vert overført. På dei siste overføringane vi har registrert vart det trekt eit gebyr på 1,75%. Gebyret vert også her trekt før pengane kjem inn på konto.

Drøfting:

Det er litt uklårt kvifor gebyra på Vipps og Izettle varierer. Ved bruk av nye betalingsløyser, så har også behovet for betre rapportering til økonomikontoret meldt seg. Dette vil gje økonomikontoret betre oversikt på kva som faktisk vert nettobeløpa.

Elles er det få grunnar som tilseier at soknet skal betala gebyr og avgifter på midlar som vert samla inn. Ein bør ikkje bruka pengar ein i utgangspunktet ikkje har. Skilnaden mellom brutto midlar inn og netto midlar ut, bør dekkast av bruttobeløpet som kjem inn. Gebyr på pengetransaksjonar vil sannsynlegvis auka. Særskilt vil dette gjelda bruken av kontantar. Dømet frå fasteaksjonen syner at berre denne aksjonen har kosta soknet i overkant av 1000 kroner i ulike gebyr og avgifter.

AUSTRHEIM SOKNERÅD

MØTEBOK – TITTELARK

SOKNERÅDSAKER

Førehaving av:
Austrheim sokneråd

Møtestad:
Kyrkjelydshuset

Møtedato:
08.06.17

Tilstades på møtet:

Medlemer: Helge Dyrkolbotn, Anny Bertelsen, Bjørn Helge Olsen, Britt Ystebø, Sylvelinn Fonnes, Svein-Tomas Villanger, Per Børge Hillestad.

Varamedlemer: Inger Synnevåg.

Andre:
Kyrkjeverje Leif Arne Økland

Desse hadde meldt forfall: Jusu Gyflan, Anita Bakke, Kine Lerøy.

Desse møtte ikkje:

Saker til førehaving:

Soknerådsaker: S – 11/17 – S – 13/17.

Til møtet var medlemer og varamedlemer skriftleg innkalla.

Underskrift:

Møteboka er ført i samsvar med det som var bestemt i møtet:

S- 11/17 GODKJENNING AV SAKSLISTE OG INNKALLING

Vedtak:

Saksliste og innkalling vart godkjent utan merknader

S- 12/17 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ 05.04.17

Vedtak:

Møteboka frå 09.02.17 vart godkjent utan merknader.

S- 13/17 ORIENTERINGSSAKER

- a) Orientering om gjevartenesta så langt.
- b) Status for ordinasjonsgudstenesta og festen etterpå.
- c) Døgnleir på Rongevær 22. – 23. juni.
- d) Sommaravslutning – og avskil for Wilco Vogelaar og Bodil Monslaup
- e) Korhelg i oktober med stor gudsteneste.